

Kjære fadder.

Du har fått eit særleg ansvar for fadderbarnet ditt, i lag med foreldra og i det store fellesskapet i kyrkja. Du skal gjere barnet kjent med den kristne tradisjonen, med bøn og bibel, gudsteneste og nattverd. Slik kan born og vaksne leve og vekse i den kristne trua. Det er foreldra som har ansvaret for oppsedinga, men som fadder kan også du vere med på din måte.

BØN

Du kan syngje ei kveldsbøn når du er i lag med fadderbarnet ditt.

*Kjære Gud, eg har det godt. Takk for alt som eg har fått.
Du held av meg, du er hjå meg. Takk at du går aldri frå meg!
Sjå til liten og til stor! Du må vara far og mor!
Og alle barn på jord. Amen.*

Du kan òg be fadervåret eller ei bøn med dine eigne ord.

*«Kjære Gud, takk for ... (namnet til barnet), takk for mamma/pappa,
takk for ... (nemn slektningar og venner, dyr, ting og leiker som
barnet er glad i). Velsign oss og bevar oss frå alt vondt. Amen.»*

BIBEL

De kan sjå i biletbøker og du kan lese i ein bibel.

De kan òg teikne i lag noko av det du les.

*«Juleevangeliet» (Luk 2,1–20)
«Jesus mettar fem tusen» (Joh 6,1–15)
«Den blinde Bartimeus» (Mark 10,46–52).*

KYRKJE

Du kan òg invitere fadderbarnet ditt til ei gudsteneste. Da får de ei fin oppleving i lag, og foreldra får ein søndag formiddag fri. Kom i god tid, så de kan gå fram og sjå på døypefonten. De kan òg vere med på nattverden. Det er inga nedre aldersgrense, og i dei fleste kyrkjene er vinen alkoholfri. Barnet kan ta imot brødet og dyppe det i begeret. Kanskje borna fattar slike heilage handlingar betre enn oss vaksne? Born kan òg vere med fram og bli velsigna av presten utan å ta imot brød og vin.

Du kan òg følge barnet til andre arrangement i kyrkja. Finn ut kva som skjer for førskulebarn i din kyrkjelyd.

Same kva du vel å gjere som fadder, er grunnlaget at du held kontakt med barnet gjennom oppveksten. Kall deg gjerne «fadderer din» når du snakkar med barnet. Det er i seg sjølv ei påminning om at barnet er døypt.

Til lukke med oppgåvene som fadder.